

Rogaland Sau og Geit



Referat - Leiarmøte 15. og 16. oktober 2010

Velkommen til Suldal

v/leiar for Suldal Sau og Geit og leiar for LMT Suldal

Suldal er ein stor kommune med heile 1.730 kvadrat km og 3.800 innbyggjarar. Suldal er ein aktiv landbrukskommune med ca 176 bruk med sau. Det vert produsert ca. 330 tonn lammekjøtt, 6,7 mill. liter mjølk og 550 tonn storfekjøtt. Kommunen overfører 2,6 mill. kroner til landbruket som vert fordelt på skyss støtte til veterinær, rådgiving, nydyrkning mjølkekvote og nybygg/restaurering. Reiselivet er også stort i Suldal med vakker natur.

Her er småfenæringa viktig!

Opprop:

Desse lokallaga møtte ikkje:

Sauda

Orientering av fylkesleiar:

Fylkesleiaren starta med og fortelja at det hadde vore ein god haust for småfenæringa.

Salet av lammekjøtt har vore svært godt. Lagrene er så godt som tomme!

Lamma frå Rogaland er i verdenstoppen heva han, dette skyldes nok dei fantastiske beita me har både i fjell og langs kysten.

RSG hadde møte med Mattilsynet.

Slike møter er viktige for å ha god dialog og ikkje minst forstå kvarandre.

Innspel frå Jæren Smalalag om kor viktig det er med god merking slik at sau/lam som kjem på avveg lett kan identifiserast.

Det kom forskjellige innspel frå lokalaga angåande kåring.

Kåringa vert gjennomført slik som planlagt.

Det er reaksjonar om at RSG ikkje hadde stend på Agrovisjon 2010.

Dette skuldast at styret syntes det kosta for mykje, mellom kr 35 og 40.000.

Samarbeidsprosjekt "Auka produksjon i saueholdet Rogaland" går bra!

Rovdyr:

Lokallaga er flinke med tilbakemeldingar.

Treg sakshandsaming hjå Fylkesmannen, dette må ein gripa tak i!

Øyvind Bergøy var i Bergen på møte angåande rovdyr.

Politianmeldelsen er nå oversendt advokat for utredning.

Det er viktig at ein følgjer med på kva som rører seg i naturen!

Jerv er sett i Hjelmeland/Suldal og ulv i Åseral.

Det er nokre lokallag som ikkje fungerer slik som Styret i RSG ynskjer.

Dei laga dette gjeld vil styret ta kontakt med for få dei til og fungera optimalt.

Positive innspel frå lokallaga som Time som etterspør rabattordning for medlemmer som handlar medisinar på apotek.

Geita har fått det bra!

Geitebøndene klagar ikkje! Bra med gode vilkår.

Gjetarhundlaget må ta meir ansvar i forhold til økonomisk støtte til gjetarhundarbeid.

Styret i RSG etterspør personar i lokalmiljøet som har utmerka seg gjennom langt arbeid for småfengæringa.

Tokoplasmose forsøket er ferdig, men ein del manglar på innrapporteringa. Så langt ser forsøket bra ut.

“Fjell-lam” er ei sak som Arnhild Skjørestad tok opp med styret. Styret arbeidar vidare med denne saka og ser kva ein får til.

Elles viste leiaren til arbeidet som var gjort med farga spel. Her har det vert møte for å ta vare på rasen “Farga spel” med det resultatet at det er laga nytt regelverk for kåring.

Elles oppmoda leiari til alle som har biler som kan brukast i Årsmeldinga om å sende desse inn.

Kommentarar:

Trygve Høynes:

Arbeidet som vert gjort med gjetarhund frå lokalaga er dugnad.

Stiller seg spørjande til kva leiari meina....

Berge Kjell Opsal:

Store lam slaktast nå! Kvifor kjem ikkje dei før?

Kvifor er det jerv i områder det ikkje skal vara jerv?

Replikk: Det er ynglande jerv som ikkje skal vera her.

Trygve Ravndal:

Innkallinga var for sein. Innkallinga må sendast som brev.

Leiaren hadde denne kommentaren til spørsmåla:

NSG har ansvar for kåringa. I Rogaland er det pr dags dato forbod å samla småfe. Difor måtte RSG stoppa dette.

Kåringa burde vert utlyst i Bondevennen.

Jerv: Er sikker på at den ynglar i Rogaland. Her trengs ei opprydding i lag med Fylkesmannen.

Jon Egil Østerhus:

Kvífor er det ikkje krav til pregning av namn eller telefonnummer i øyremerke?

Jan Helge Havsø:

Still krav til namn og tlf. nr. i øyremerke til småfe.

Berge Kjell Opsal:

Dette burde vera eit krav til alle som slepper småfe på fellesbeite.

Jon Egil Østerhus:

Lisensjakta bør starta likt med reinsdyrjakta.

I områda her omkring er det vanskeleg med sporsnø.

Jan Helge Havsø:

Oppdatering av heimesida.

Når det gjelder "Fjell-lam" er det ikkje rett tid å ta dette opp nå. Salet går bra!

Møte Bergen - Øyvind Bergøy:

Møte var i regi av Miljø Dep. der Vestlandsfylka var invitert.

Hovudinnlegg blei halde av Heidi Sørum.

Det kom spørsmål til Øyvind om korleis ein kan ta ut meir skadedyr?

Dette må gjerast i lag med forvaltninga.

Jon Egil Østerhus:

Kan ein få til endring av dato for oppstart av lisensjakt?

Øyvind: Dette må ein arbeida vidare me for å få til.

Kjøp og sal av småfe ved Bjørn Høiland

Bjørn heldt eit innlegg om kjøp og sal av småfe, der han stilte ein del spørsmål

- Kan ein få til fast avtale på kjøp av småfe?
- Vil dette vera fornuftig?
- Det er stor omsetning av livdyr
- Dette skuldast at det i Rogaland er mange buskapar med småfe
- Kor store område er det fornuftig og skriva avtale i?
- Kva krav bør ein stilla til salgsbuskap?
- Kva kan me gjera?

Oppsummering:

RSG må ta tak i dette slik at utforminga om korleis kjøp og salg skal vera i framtida.

Det er viktig at næringa er med og at eventuelle endringar som måtte koma er slik at næringa kan leva med dei og ikkje vert oppfatta som noko negativt.

Lokal lagas time:

Bjerkreim Sau og Geit:

Bjerkreimsmarknaden - god dagnadsånd - 21 nye medlemmer hittil i år!

Er opptatt av at støttemedlemmer og kan få bladet "Sau og Geit"

Etterlyser matspalte i bladet " Sau og Geit".

Kåring OK!

Suldal Sau og Geit:

Takk til RSG for godt arbeid i rovdyr saka!

Ellers god aktivitet blant medlemmene.

Helleland Sau og Geit:

Saknar kåringa! Det er det sosiale som er blitt borte!

Har litt nedgang på medlemmer.

Egersund Sau og Geit:

Driver laget på ein fin måte med mange aktiviteter, som t. d. marknadsdag.

Litt auke i medlemstalet.

Vikedal/Imsland Sau og Geit:

Mange i området som ikkje er medlemmer.

Har god premie på rev.

Arbeida med å få til seminkurs i haust, der ein subsidierte unge medlemmer.

Gjesdal Sau og Geit:

Driver væralag med 40 værar.

Har kjøpt inn ullsekker som medlemmene kan få kjøpt.

Ynskjer at info om møter/samlingar kjem ut tidlegare.

Sandnes Sau og Geit:

Medlemskveldar der Arnhild frå RSG og Myklebust frå Nortura har vert med.

Kåring av ca. 70 lam.

God aktivitet

Finnøy Sau og Geit:

Fellesstyre med vereringen.

Tomatfestivalen er ein stor aktivitet

Nedstrand Sau og Geit:

Engasjerte medlemmer der Øyvind Bergøy var med på årsmøte og holdt foredrag om økonomien i sauehaldet.

Er med på "Open Dag" på Tveit

Ølen Sau og Geit:

Medlemsmøter med fokus på føring og helse hos sauene.

Skjold Sau og Geit:

Medlemsmøter.

Besøk hos medlem med nytt sauefjøs.

Rennesøy & Mosterøy Sau og Geit:

Sliter med fotrote! Mykje dugnadsarbeid for og redusera smittepresset.

Fagmøter i lag med forsøksringen, samt også møte om "Flott"

Finner sau/lam med fiskesluk, dette er eit aukande problem

Strand Sau og Geit:

God aktivitet.

10 nye medlemmer.

Godt arbeid med gjeterhunden!

Skåre Sau og Geit!

Vanskelege å ha godt lagsarbeid så nært med Haugesund.

Heller vera med på villsauarbeid!

Har årsmøte på søndagar.

Bokn Sau og Geit:

Godt lagsarbeid med 21 medlemmer.
Møte med Forsøksringen

Sandeid Sau og Geit:

Bra lagsarbeid med 18 medlemmer

Vats Sau og Geit:

Vanlege aktivitetar. Er nokre nybygg. Dette er bra

Time Sau og Geit:

Stort lag med vel 170 medlemmer.
Hadde tur til Irland.
Aktive medlemmer

Soknedal & Heskestad:

Aktive medlemmer.
Har salg av stolpar og nett til medlemmene.

Hjelmeland Sau og Geit:

Eit aktivt lag med medlemsmøter der Ove Myklebust frå Nortura har vore med.

Kåring 2010 v/Per Johan Lyse

Ringkåring vert utprøvd 4 plassar i Rogaland. Det var med ein kvalifisert person i lag med personar frå vereringen.
Det var i haust nytt regelverk for kåring av farga spæl.
Kåringa fungerte bra med litt varierande kvalitet på lamma.
Dette kan skuldast varierande sommarbeite. Mange gode lam!
I enkelte område var det ein liten auke på lam til kåring.
På Karmøy var det berre eit lam som vert kåra.

Meir info og statistikkar finner du på nettsida til NSG

Økonomien i Sauehaldet v/ Øyvind Bergøy

Øyvind heldt eit godt innlegg om økonomien i sauehaldet.

Han delte næringa opp 3 grupper:

- Dei proffe - dei som driv svært godt
- Dei som driv rimeleg godt
- Dei som eksistera (utegangsau og tenkjer mest på tilskot)

Tilskotet er ein viktig økonomifaktor, men det er fortsatt mange som har mykje å gå på - når det gjeld kg kjøtt pr. vinterfora sau.

Foredrag v/NHO Rogaland Halvard Ween

Ween holdt foredrag om landbruket generelt – og stilte spørsmål som:

- Ka e vitsen med landbruk
- Ska ein produsera mat på alle bruk?
- Eg vil gjera at det er lys i alle vindauge
- Det skal vara velstelt alle passer, men er det matprisen som skal betala for det?

Me er mat og landbruksfylke Rogaland!

Rogaland står for 22 % av produksjonen i Norge av all mat og drikke, men berre 8,5% av befolkninga bur i Rogaland

Rogaland står og for 20,3 % av all sau i Norge.

Kvifor kan ikkje landbruket ha fagbrev?

Slutt og SYT! Vis alt det positive!

Bruk media – presenter det positiva!